



UU-leiar Kristian Olav Bringedal hadde blomar til Porntip Pomngern

Porntip og Enicar frå Thailand hadde stor pågang då dei opna vogna ved Gamleskulen i ettermiddag. Berre i løpet av den fyrste timen var det 10 kundar og slik heldt det fram utover ettermiddagen.

Dette nye tilbodet har så langt vore ein suksess og dei førebelse kommentarane om maten er også positive i den grad vi har fanga dei opp.

Leiinga i Uskedal Utvikling var naturleg nok på plass med blomar og gode ord ved opninga og gav uttrykk for at dei på bygdas vegne var svært glade for tiltaket. Dette gjer Uskedalen meir attraktiv som sentrumsbygd i kommunen understreka leiar Kristian Olav Bringedal.

Nestleiar Jan Erik Olsson har gjort ein stor jobb med tilretteleggjing og vart rost av Porntip for godt samarbeid.

No legg ho opp til opningstid frå 14 til 21 med unnatak av måndagar og tysdagar då ho har stengt. I tillegg til dei 16 rettane har ho også ein eigen barnemeny.

Av Ola Matti Mathisen

